



UTGREIING AV ATO-AVDELING I TIME KOMMUNE

Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Senior- og Brukarrådet	023/22	30.05.2022
Ungdomsrådet	019/22	31.05.2022
Utval for levekår	023/22	01.06.2022
Time kommunestyre	041/22	21.06.2022

Framlegg til vedtak:

1. *Det vert oppretta ei eiga ATO-avdeling i Time kommune, som skal lokalisert i dei ledige lokala i paviljongen ved Lye skule.*
2. *Tiltaket må innarbeidast i komande økonomiplan.*

Senior- og Brukarrådet

Framlegget vart samrøystes vedtatt.

SBR-023/22 Vedtak:

1. *Det vert oppretta ei eiga ATO-avdeling i Time kommune, som skal lokalisert i dei ledige lokala i paviljongen ved Lye skule.*
2. *Tiltaket må innarbeidast i komande økonomiplan.*

Ungdomsrådet

Ungdomsrådet støtter forslaget og har følgjande tillegg:

- *Saka bør prioriterast høgt i økonomiplanen, og ha høg prioritering for å kome raskt i gang.*

- *I vidare arbeid med prosjektering bør føresette ha mogelegheit til å bli involvert i det vidare planarbeidet.*

- *Ungdomsrådet krev at saka kjem tilbake til rådet for å få vera med å påverka utforminga av tilbodet.*

Forslaget vart samrøystes vedtatt (8 røyster).

UNG-019/22 Vedtak:

1. *Det vert oppretta ei eiga ATO-avdeling i Time kommune, som skal lokalisert i dei ledige lokala i paviljongen ved Lye skule.*
2. *Tiltaket må innarbeidast i komande økonomiplan.*

- *Saka bør prioriterast høgt i økonomiplanen, og ha høg prioritering for å kome raskt i*

gang.

- I vidare arbeid med prosjektering bør føresette ha mogelegheit til å bli involvert i det vidare planarbeidet.

- Ungdomsrådet krev at saka kjem tilbake til rådet for å få vera med å påverka utforminga av tilbodet.

Utval for levekår

Framlegget vart samrøystes vedtatt.

ULE-023/22 Framlegg:

1. *Det vert oppretta ei eiga ATO-avdeling i Time kommune, som skal lokaliserast i dei ledige lokala i paviljongen ved Lye skule.*
2. *Tiltaket må innarbeidast i komande økonomiplan.*

Time kommunestyre

Tilleggsforslag frå **Frode Hagerup (H)**

- Mål om at ATO avdelinga er klar til oppstart august 2023.

Framlegget frå ULEV vart samrøystes vedtatt.

Tilleggsforslaget frå Frode Hagerup var vedtatt med 19 røyster medan 8 røysta imot (Elisabeth Dysjaland og Thor Inge Kalberg (FRP), 3 KrF, Jone Fosse og Ranveig Undheim (Sp), Svein Hestvaag (UAVH).

KS-041/22 Vedtak:

1. *Det vert oppretta ei eiga ATO-avdeling i Time kommune, som skal lokaliserast i dei ledige lokala i paviljongen ved Lye skule.*
2. *Tiltaket må innarbeidast i komande økonomiplan.*
3. *Mål om at ATO avdlinga er klar til oppstart august 2023.*

UTGREIING AV ATO-AVDELING I TIME KOMMUNE

SAKA GJELD

Kommunestyret har i interpellasjon 02.11.2021 bede administrasjonen legge fram ei utgreiing av ATO- avdeling.

KS-070/21 Vedtak:

Kommunestyret ber om at administrasjonen legg fram ei sak med utgreiing av ATO-avdeling så fort som mogleg.

ATO - avdeling er ei forkorting avdeling for tilrettelagt opplæring.

SAKSOPPLYSNINGAR

I [Skulebruksplan 2018-2025](#) er etablering av ATO kort omtalt. Det kjem fram at ein må ta stilling til og planlegge for ei ATO-avdeling. s.18;

Det er vidare lagt fram forslag til ulike løysingar:

“Det er fleire moglege løysingar for ei ATO avdeling i Time ut frå kva vedtak som vert fatta i sak om Skulebruksplanen:

- Dette kan planleggjast for ved dei ulike løysingane ved Rosseland skule med ny symjehall/anlegg, eller ved påbygg på Rosseland.*
- Som del av ny barneskule.*
- I Paviljongen som ligg tilordna Lye skule.*

Med tanke på prosessen der ein nå er i dialog med Klepp om avtalen som er på Orstad læringssenter, er det behov for å vurdere og utforma eiga politisk sak når meir konkrete løysingar ligg føre.” (s. 22)

I Skulebruksplan 2018-2025 blir det og vist til Strategiplan for oppvekst 2016-2022 sett som tiltak at det skal opprettast eiga ATO-avdeling i kommunen.

I [Skulebruksplan 2020-2028](#) ber kommunestyret rådmannen fremja eiga sak om framtidig løysing for ATO-avdeling etter at eksisterande avtale er vurdert saman med Klepp kommune. Målet er å oppretta ei felles ATO-avdeling saman med Klepp kommune som kan dekke behovet for begge kommunane. Tilbodet skal lokaliserast i Klepp som eit vertsskulesamarbeid. (s.29.)

Ved ei avdeling for tilrettelagt opplæring (ATO) er opplæringa særskilt organisert fysisk og med spesialkompetanse for å gi elevar med store hjelpebehov eit godt opplæringstilbod. Elevane i gruppa som kan få opplæring ved ATO har særskilte behov som skyldast store funksjonsnedsettingar og vedvarande og store avvik i utviklinga. Avdelinga skal vera knytt til ein skule og er ein del av skulen sitt tilbod, men opplæringa er fysisk organisert ved ei eiga avdeling og arbeidsmetodane er

tilpassa den enkelte eleven sitt behov. Elevane går ikkje i den klassen dei høyrer til ut frå alder, men er knytt til ei anna elevgruppe.

Lovgrunnlag

Grunnprinsippet er at alle elevar har rett til å gå på skulen som ligg nærast der dei bur, eller det som er fastsett i skulekrins, og få eit opplæringstilbod tilpassa sine behov, §8-1 i opplæringslova (3).

Dette er alltid gjeldande og gir føresette rett til å velja dette, sjølv om det finst andre tilbod. Det vil òg gjelda for barn som har behov tilpassing som kan gi moglegheit for å bruke eit opplæringstilbod ved ei ATO-avdeling. Dei føresette kan alltid velja nærskulen om dei heller ønskjer det.

Skuleeigar er ikkje ut frå lova pålagt å gi eit tilbod om ATO. Skuleeigar er pålagt å ivareta alle barn sitt behov for tilrettelagt opplæring innanfor skulen, men kan under særskilte høve tilby opplæring ved ein særskilt tilrettelagt avdeling. Dette kan berre gjerast etter at eit sakkunnig organ, her PPT, har tilrådd og vurdert at dette er til eleven sitt beste. Det er ikkje tilstrekkeleg at dei føresette ønskjer det. Statsforvaltaren i Rogaland (1)

Fellesskulen har lange tradisjonar i Noreg og er sterkt juridisk forankra. Lovverket for korleis skule skal drivast er gjennomsyra av prinsippet om inkludering, likeverd og tilpassa opplæring. Skulen skal vera for alle, uavhengig av mellom anna bakgrunn, funksjonsnedsetting og kjønn. Prinsippet om likeverd handlar om at elevane skal bli møtt med utfordringar dei kan stekke seg etter, og at ingen elevar skal stengst ute frå fellesskapen på grunn av sine føresetnader. Udir 3-2010 (2)

For skuleeigar er tilgangen til å ta i bruk alternativ opplæringsarena, som ei ATO-avdeling, snever, jf. §§2-3 og 5-1 i opplæringslova (3).

Det mest relevante rettslege grunnlaget for å gi opplæring ved ei ATO-avdeling i heile eller delar av opplæringa, er retten til spesialundervisning. Elevar som ikkje har, eller ikkje kan få, eit tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa har rett til spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-1 første ledd.

Spesialundervisninga skal gje eleven eit forsvarleg utbytte av den samla opplæringa. Om det går fram av sakkunnig tilråding og enkeltvedtak, kan ein nytte ei ATO-avdeling til å gi spesialundervisning på gitte vilkår.

Utdanningsdirektoratet understrekar at det er omsynet til eleven som skal vera det avgjerande, ikkje omsynet til skulen eller kommunen. Eit sakkunnig organ skal vurdere om det er *nødvendig* for at eleven skal få eit forsvarleg utbytte av opplæringa og grunngi dette. Det skal og vurderast om tiltaket er til barnet sitt beste, jf. Barnekonvensjonen art 3 nr 1. Om det ikkje er til barnet sitt beste at han eller ho mottar opplæringa på ein annan stad enn skulen, skal ein ikkje bruke ein slik arena.

Opplæring ved ei ATO-avdeling skal vere i samsvar med krava til offentleg grunnskule gjennom opplæringslova og tilhøyrande forskrifter. Udir 3-2010 (2)

Eit anna grunnprinsipp i opplæringslova er at alle elevar har rett til å høyre til ein

klasse eller basisgruppe som skal ivareta deira rett til sosialt tilhøyrslø, jf § 8-2 i opplæringslova. Ved ei ATO-avdeling skal det leggjast vekt på at eleven skal høyre til ei basisgruppe i avdelinga og at avdelinga høyrer til skulen. På den måten kan ein sikra §8-2 i opplæringslova. Ein skal strekke seg etter at elevane i denne avdelinga skal ha felles opplevingar og vera ein del av fellesskapen på resten av skulen, på same tid som ein sikrar dei omfattande behova for tilrettelegging.

Status i dag

Time kommune har ikkje eit eige tilbod om ATO.

Time kommune har pr i dag ein avtale med Klepp kommune om å disponera 4 plasser ved Orstad læringssenter ved Orstad skule, som er ei ATO-avdeling.

Når ein elev får tilbod om plass her, vil eleven disponera plassen ut grunnskulen om føresette ikkje ber om noko anna. Alle desse plassane er skuleåret 2021-22 i bruk av elevar i aldersgruppa 3. til 7. trinn. Det vil si at det ikkje blir ledige plassar for elevar frå Time kommune er før om tre skuleår.

Avtalen om vertsskulesamarbeid slår fast at det er ei gjensidig oppseiingstid på avtalen mellom kommunane på eit år.

Avtalen slår òg fast korleis tilbodet skal finansierast. Time kommune skal dekkje utgifter til personal, administrasjon og drift. Finansieringa dekkjer og tilbod om SFO for elevane på 1.-7.trinn. I budsjettåret 2021 var prisen for ein elevplass 798 000 kr.

I Skulebruksplan 2020-2028 har det vore lagt til grunn at ein ønskjer å utvida vertsskulesamarbeidet om ATO mellom Klepp kommune og Time kommune. I dialogen mellom administrasjonen i Klepp og Time har det vore lagt til grunn at Klepp kommune skulle utvida kapasiteten ved avdelinga, og at ein skulle utvide vertsskule samarbeidet.

Klepp har i desse samtalane slått fast at det ikkje er mogleg å utvide kapasiteten i bygningane som no er på Orstad skule.

Time kommune har bede Klepp kommune om ei uttale kring status i saka:

- *Om det er fastsett ein plan for utviding av kapasiteten ved Orstad skule eller ved ein annan lokasjon*
- *Kva som eventuelt er framdriftsplanen for ei slik utviding, og når vil eit utvida tilbod vera tilgjengeleg for Time kommune.*

Svaret frå Klepp kommune er:

- *«Klepp kommune har i budsjett 2022 fått midler til å utarbeida rapport om Orstad skule bygningsmasse som omfattar både Orstad skule og Orstad læringssenter. Status på rapport er at den er under arbeid.*

Klepp kommune skal i tillegg utgreie skoleløyising på Orstad. Dette inneber også ei vurdering av kapasitet ved Orstad læringssenter. Oppstart haust 2022»

Vedlegg 1: Vertskulesamarbeid om alternativ opplæringsarena- Klepp og Time kommune oppmoding om uttale (Svar)

Det er med andre ord ikkje klart om det vil bli utvida kapasitet ved Orstad læringssenter eller ved ein annan lokasjon, eller når eit utvida tilbod kan vera på plass.

Time kommune kjøper òg 2 plassar ved ATO ved Bø skule i Hå kommune. Hå og Time kommune har ikkje ein fast samarbeidsavtale som gir Time kommune tilgang til å disponera eit fast tal plassar. Hå kommune har etter søknad vurdert at dei har hatt kapasitet til å selja dei to plassane. Det blir gjort ei ny vurdering kvar gong Time kommune undersøker moglegheitene til å bruke fleire plasser. Det er på noverande tidspunkt ikkje fleire ledige plassar.

I tillegg til dette har Time kommune fleire elevar med store og sammansette vanskar som i dag får sitt tilbod ved sin nærskule.

Elevgrunnlag og behov

Time PPT har vurdert at skuleåret 22-23 at om lag 15 elevar i Time kommune har eit hjelpe- og tilpassingsbehov som er slik at eit tilbodet ved ei ATO-avdeling kunne vore aktuelt. I dette talet er dei elevane som har plass ved Bø skule og Orstad læringssenter rekna med. 15 elevar utgjer 0,6 % av heile elevgruppa i Time kommune.

Det er ikkje tilgjengeleg statistikk som gir oversikt over kor stor del av ei gjennomsnittleg barnegruppe som kan ha behov for eit ATO-tilbod. Om lag 0,5 % av alle barn i Noreg er født med ei psykisk utviklingshemming, og om lag 0,6% er født med ei gjennomgripande utviklingsforstyrning. (kjelde 4 og 5) På grunnlag av dette og PPT si vurdering kan ein anslå at med eit elevgrunnlag på 2600 elevar vil i gjennomsnitt 15 elevar vera i gruppa som kan ha behov for eit opplæringstilbod i ei ATO-avdeling. Det er dette behovet som er lagt til grunn i utgreiinga.

Fleire føresette har i kontakt med barnehage, skule, PPT og administrasjonen òg uttrykt ønske om eit tilbod ved ei ATO-avdeling for sin elev.

Skyss og SFO/ avlastning

Opplæringslova gir elevar med funksjonsnedsetting rett til skuleskyss uavhengig av avstand mellom heimen og opplæringsstaden. Denne retten gjeld og mellom heimen og skulefritidsordninga. Elevane har ikkje ein lovfesta rett til skyss til SFO i skulen sine feriar, jf. §7-3 i opplæringslova.

I skyssreglement for grunnskulen heiter det:

“Elever kan etter søknad, og vedtak fattet av kommunen, tas inn ved annen offentlig

skole/opplæringsarena enn nærskolen. I vedtaket må det opplyses om utgifter til skyss dekkes. Dersom skolevalget fører til ekstra utgifter til skyss, skal disse ikke belastes fylkeskommunen, men må avklares mellom foreldre og kommunen. “

Vedlegg 2: Skyssreglement for grunnskolen

Om Time kommune vel å tilby opplæring ved ei ATO-avdeling som ikkje høyrer til eleven sin nærskule, vil kommunen vera ansvarleg for å organisera og dekke utgiftene til skyss.

Skulefritidsordning og avlastning

Skulen skal tilby skulefritidsordning for elevar på 1.-4. trinn. For elevar med særskilte behov gjeld at dei har rett på skulefritidsordning på 1.-7. trinn. Tilbodet er gratis på 5.-7.trinn. Jf.§13-7 i opplæringslova (3) og §1-B i forskrift til opplæringslova (8)

Elevar med særskilte behov rett avlastning etter skuletid når dei startar på ungdomsskulen, jf. § 3-6,2 i helse- og omsorgsloven (11). I Time kommune får dei tilbod om TAT, tilrettelagt aktivitetstilbod etter skuletid. Dette tilbodet blir gitt av miljøtenesta under tenesteområdet helse og omsorg Time kommune.

Ved ei ATO-avdeling må ein òg legge til rette for eit skulefritidstilbod for elevane på 1.-7.trinn. Avdelinga vil fysisk vera tilpassa elevane og dei tilsette har relasjonar og kompetanse som gjer at dei kan ivareta elevane. Time kommune må òg ta stilling til om tilbodet om avlastning/ TAT for ungdomsskuleelevar for elevane som høyrer til ATO skal leggjast der. Ein må òg ta høgd for dei administrative og personalmessige kostnadane dette fører til.

Råd om kva ein bør legge vekt på i areal og organisering ved ei ATO-avdeling

I arbeidet med utgreiing av denne saka har administrasjonen saman med Time PPT vore på synfaring ved Bø-skule og sett på ATO avdelinga der, samt fått innspel til kva som er viktig å legge vekt på ved organisering av eit tilrettelagt opplæringstilbod.

Oppsummert råd etter synfaring:

- Kvar elev bør ha sitt eige rom for ein til ein opplæring når dei skal ha det, tilbaketrekking og kvile
- Ein treng rom der elevane kan få opplæring i grupper på 2-5. Det er eit hovudmål å legge til rette for sosialt samspel og tilhøyrse i ei gruppe.
- Ein treng nokre større rom der ein kan samle mange elevar til felles aktivitet
- Eit sanse-rom for fysisk aktivitet og stimulering. Det er vanleg at elevane i denne gruppa skal ha fysikalsk behandling og trening. Dette rommet vert og nytta til det.
- Eit sanse-rom til roleg sansestimulering. Dempa lys og lyd mm.
- Felles spiseplass for elevane og kjøkken
- Plass til oppbevaring av medisinsk- og spesialutstyr, t.d ulike typar stolar, tilpassa opplæringsmateriell, sengetøy og utstyr til stell og vask.
- Bad med skifte og stellemoglegheiter og der det er det er plass til rullestol

- God plass i garderoben
- Bemanning: Det vil vera behov for ulike yrkesgrupper, spesialpedagogar, vernepleiarar, miljøveileदारar, fagarbeidarar, sjukepleiar. Med 13 elevar er det i dag 20 tilsette ved avdelinga. Det er mange vaksne pr barn når ein jobbar med elevgruppa. Ein treng plass til planleggingsarbeid og møter.
- Opplæringa skal organiserast slik at den ansvarlege pedagogen har moglegheit for å følgje med på aktiviteten i gruppa. Då er grupperom og fellesrom viktig.
- Elevane er delt i 3 hovudgrupper: småtrinn, mellomtrinn og ungdomstrinn. Denne inndelinga kan variera noko.
- For ein del elevevar vil det vera hensiktsmessig å starte opplæringa i ordinær skule, og seinare gå over til ei ATO-avdeling når det blir vanskelegare å vera ein del av tilbodet ved skulen.

Time PPT, som har god kjennskap til både ATO-avdelinga ved Bø skule og Orstad læringssenter, er einig med råda frå Bø- skule om kva som er viktig å legge vekt på i eit tilbod ved ein. Dei vurderer og at ein kan klara seg med færre enkeltrom. Ikkje alle brukarane vil ha behov for det. Nokon kan dela.

Ved ei ATO-avdeling bør ein og ha eit tilpassa uteområde, som gjer at barna kan ta del i lek og aktivitet ute ut frå sine føresetnader. Tilpassa leikeapparat, tilgang for rullestol, gjerde rundt uteområdet som hindrar elevar frå å komme i trafikkfarlege situasjonar er og nødvendig.

Ein vil ved ei slik avdeling etablere eit fagmiljø med høg kompetanse på nokre spesialområde. Dette kan og kome dei andre skulane til gode om ein legg til rette for eit støttesystem.

Krav til skulebygg, uteområdet og arbeidsplass

Areal for elevane i skulebygget

Alle skulebygg skal vera universelt utforma. Dette medfører at tilgjengelegheita for personar med nedsett funksjonsevne størst mogleg grad blir løyst gjennom tiltak integrert i produktutforming, arkitektur planlegging og tenesteyting. §9 i forskrift om miljøretta helsevern (6)

Utforming og innreiinga skal ivareta og fremja elevane sitt behov for forsvarleg forhold innan helse-, miljø- og tryggleik, på same tid som det skal bli lagt til rette for godt læringsmiljø, trivsel og gode psykososiale forhold. Nye skular eller skular som skal renoverast skal bli utforma universelt. Helsedirektoratet (7)

Elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa deira behov. Skulen skal innreist sånn at blir teke omsyn til elevane som ha funksjonshemmingar, jf. §9A-7 ledd 3 i opplæringslova (3).

Ved berekning av maksimale elevtal i eit undervisningsrom bør de bli tatt omsyn til heile læringsarealet som gruppa disponerer. Når ei elevgruppe disponerer tilleggsareal, t.d. grupperom, formidlingsrom eller andre rom, i nærleiken av

klasserommet må hovudrommet bli planlagt etter ei arealnrm på minimum 2 m2 pr elev. Om elevgruppa ikkje disponerer tilleggsareal i nærleiken til klasserommet, bør arealet være større, helst opp mot 2,5 m2 pr. elev. Areal for tilsette kjem i tillegg til arealnorma. Helsedirektoratet (7)

Ved ei ATO-avdeling må ein legge særskilt til rette for elevar med samansette vanskar og behov. Areala må tilpassast i større grad enn ved ein ordinær. I denne elevgruppa skal ein og ivareta behov som går ut over det ein til vanleg gjer på skulen, vil dette påverka behovet for areal. Det vil og vera fleire vaksne rundt elevane, det må ein og ta omsyn til i arealplanlegginga. Avdelinga bør ligge på bakkeplan. Heis og trapp er utfordrande i dagleg drift og om ein skal evakuera.

Arealvurdering på grunnlag av råd frå ATO ved Bø og Time PPT si vurdering. Det er ikkje gjort av arkitekt eller anna byggteknisk personale og er difor anslagsvis og med forbehold. Målsetninga er at ein har eit utgangspunkt for å sjå på kva moglegheiter som finst i eksisterande bygg.

Anslått arealbehov til 15 elevplassar:

Romtype	Tal på rom og areal pr stk	Totalt areal (Ca)
Einerom til elevane	7 stk a 7 m2	50 m2
Små rom for 2 elevar	5 stk a10 m2	50 m2
Grupperom for undervisning 2-5 elevar	5 stk a 20 m2	100 m2
Fellesrom med spiseplass	2,5 m2*15 elevar= 43 2 m2 *15 vaksne=30	75 m2
Kjøkken	Med moglegheit for ADL-trening	25 m2
Sanserom	-Roleg sanserom 10 m2 -Trening og stimuleringsrom 20 m2	30 m2
Bad	2 tilrettelagte bad med dusj og stelleplass a 10 m2	20 m2
HC- Wc	1 stk	10 m2
Oppbevaring og lager	Opplæringsmateriell, medisinsk utstyr, spesialutstyr	40 m2
Garderobe for elevar	2 avdelingar- a 25 m2	50 m2
Totalt areal		Ca 450 m2

Uteareala

Uteareala ved skulen må vera trafikk sikre og gi moglegheit for fysisk aktivitet, sosialt samvær, rekreasjon og kvile. Utforminga må fremja lek og motorisk utvikling, stimulera til eigenaktivitet, men og til organisert aktivitet mellom anna i undervisninga. Alle elevar må kunne bruke utearealet. Det ligg føre ein del generelle tilrådingar og minimum nettoareal på 50 m2 pr elev justert etter storleik på skulen (IS-1130 Helsedirektoratet).

Areal i seg sjølv er ikkje nok til å ha eit tilfredsstillande uteområde. Variert tilrettelegging og organisering av bruk av arealet er like viktig. Tilleggsareal i rimeleg nærleik til skulen, t.d. idrettsanlegg, skog og utmark, som skulen disponerer i skuletida kan reknast med i utearealet.

Utearealet som er tilgjengeleg må uansett må gi elevane moglegheit for følgande:

- Rom for utøving av allsidig og variert fysisk aktivitet.
- Rom for ulike typar sosial/trivselsfremmande aktivitetar.
- Rom for å tileigne seg ny kunnskap og utøve verkelegheitsnær læring.

Helsedirektoratet (7)

Areal for dei tilsette

Elevane i denne gruppa har vanlegvis 1 til 2 vaksne som følgje dei til ein kvar tid. Det er difor lagt til grunn ein faktor på 1,5 pr barn når ein reknar vaksne. I tillegg må det vera ein avdelingsleiar. $15 \text{ elevar} * 1,5 \text{ vaksne} = \text{ca } 22,5 + 1 \text{ avdelingsleiar}$.

Det må vera plass til om lag 24 tilsette. Ein kan legge opp til delte kontor plassar eller ein kan legge opp til at nokon får eigen kontorplass og andre kan dela. Det siste alternativet er lagt inn i kalkylen.

Arbeidstilsynet legg til grunn at ein kontorplass skal ha eit golvareal på 6 m². Dette gjeld både enkeltkontor, felleskontor og ope kontorlandskap. Arbeidstilsynet (10)

Det er meir møteverksemd knytt til oppfølginga av elevane i denne gruppa enn andre elevgrupper, og ein må legge til rette for det.

Eit personalrom skal ha plass til største tal for tilsette som skal vera til stades samtidig. Det ska vera bord og stol med rygg til alle. Det skal vera atskilte garderober for menn og kvinner. §§ 3-2 og 3-4 i Arbeidsplassforskriften (9)

Ramme for arealplanlegging for personalet:

Rom	Areal	Totalt areal
Kontorplass pedagogar	8 stk a 6 m ²	50 m ²
Felles kontorplass- deling	5 stk a 6 m ²	30 m ²
Kontor for avdelingsleiar	1	15 m ²
Møterom	2 stk * 25 m ²	50 m ²
Pauserom med kjøkken	24 ansatte a 2 m ²	50 m ²
Garderobe for begge kjønn og 2 toalett		50 m ²
Totalt areal		Ca 250 m ²

Moglege alternativ for etablering av ATO

Tal som ligg til grunn for vidare utgreiing:

- 15 elevar og at desse er organisert i 2 eller 3 avdelingar/ elevgrupper.
- 15 elevar * 1,5 vaksne pr barn + avdelingsleiar= 24 vaksne

Til grunn for alternativ 1-2 ligg og intensjonen om å ta i bruk eksisterande bygg i Time kommune.

Alternativ 1. Undheim skule

Undheim skule har ein del ledig areal i sitt skulebygg etter at ungdomsskulen blei flytta. Bygget er ikkje tilrettelagt etter behova i ei ATO-avdeling og ombygging er nødvendig om ein vil ta bygget i bruk.

Vedlegg 3: Teikning av skulebygget på Undheim

Alternativ 1A: Inngang A

Ved inngang A er ein eigen fløy som skuleåret 21-22 blir brukt av skulefritidsordninga (SFO). SFO-avdelinga skal flytte inn i hovudbygget frå skuleåret 22-23.

Ein kan her ta i bruk fløy ved inngang A samt det som no er personalavdelinga for elevane. Dette utgjer 405 m².

Ein kan då flytte personalavdelinga opp i 2 etasje til romma 222-215= 371 m².

Personalavdelinga vil då vere for alle dei tilsette ved Undheim skule.

	Romnummer i dag	Areal
Fløy ved inngang A	Rom 124-135	256 m ²
Personalavdelinga	Rom 113-146	149 m ²
Totalt areal for elevane		Ca 405 m ²
Rom i 2.etasje – for personal	Rom 207-222	
	207	31 m ²
	208	36,8 m ²
	209	32,6
	210	55 m ²
	212	56 m ²
	213	36 m ²
	215	56 m ²
	218	13,5 m ²
	222	17,8 m ²
	220	3,6 m ²
	221	3,2 m ²
Samla areal personal		Ca 340 m ²
Totalt areal		Ca 745 m ²

Det vil vera igjen 7 ordinære klasserom, samt grupperom og spesialrom. Dette vil dekke behovet for skulen som har 7 trinn med ein klasse på kvart trinn. Spesialrom

kan og nyttast til klasserom om der blir fleire klassar eller ein vil dela i grupper.

Fakta om bygget:

- Fløyen ved inngang A er prega av at det er eit eldre bygg og at alle overflater er slitt.
- Fløya der personalavdelinga no ligg er i god stand
- Veggjar og bærande konstruksjonar: Det er ein del murveggjar i avdelinga som no er personalavdeling.
- Straum og ventilasjon må utbetrast
- Uteområdet er stort og kan leggjast til rette.

Utfordringar og moglegheiter

Gjennom renovering og ombygging kan ein sannsynlegvis legge til rette for 15 elevar i bygget. Arealet er noko mindre enn ønskeleg (om lag 40 m²), men med mindre tilpassingar kan det fungera. Ein kan t.d. legge til rette for lagring av noko materiell ein annan stad i bygget.

I fløya ved A inngangen har helsesjukepleiar/helsestasjonen lokale som er i bruk. Dei må relokaliserast om området blir tatt i bruk.

Ein må rekna ombygging av heile arealet. Både det for elevar og de for personalet.

Ein må bygge ein overgang mellom fløy ved inngang A og det som no er personalavdelinga. Det vil si i området mellom inngang B og inngang C. I dag må ein gå ut av bygget for å flytta seg mellom områda.

Det er god tilgang til bygget og det er god parkeringsmoglegheit. Hele bygningsmassen for elevane ligg på same plan.

Alternativ 1B Inngang E

Grunnplanet i fløya ved inngang E kan byggast om. Dette utgjer 495 m² .

For å ivareta ein større personalgruppe må ein gjera om på løysinga som er i dag.

Ein kan ta i bruk rom 207- 222 til personalrom, kontor/arbeidsrom og møterom: ca 340 m² (Sjå tabell i alternativ 1A)

Rom	Areal m2	Rom	Areal
101	48,3	160	8,7
162	67	161	8,7
105	27,7	158	63
106	115	155	13,9
109	45,1	110	25,8
104	7,9	111	7,1
159	57	Totalt areal for	495

		elevar	
Rom 207-222	340 m2	Areal for personal	340 m2
		Totalt areal	835 m2

Fakta om bygget:

- Bygget er i denne fløya er i god stand, men ber preg av bruk over fleire år.
- Romma er ikkje tilpassa.
- Det er fleire spesialrom som sløyd og tekstil, i grunnplanet på denne fløya.
- Dei fleste veggane er av mur/tegelstein, og det er omfattande og rive/flytte på desse.
- Det er god tilgang til skulegard og parkering.
- Det er lengre veg til uteområdet på baksida av skulen.

Utfordringar og moglegheiter:

Spesialromma kunst og handverk (sløyd og handarbeid) må flyttast. Dette er ikkje tatt med i arealberekninga, men vil gi ein kostnad. Det er eit stort areal. Ei ombygging og flytting vil påverka skuledrifta i ein lengre periode.

Alternativ 2 Lye skule – og paviljongen

På Lye ligg eit eige bygg, paviljongen, like over vegen frå Lye skule. Bygget blei brukt som barnehage fram til 2020 og har ein struktur tilpassa barnehage. Dette bygget er foreslått til ATO-avdeling i Skulebruksplanen 2018-2025.

Vedlegg 4: Teikning av paviljongen på Lye

Fakta om bygget:

- Bygget er på 495 m2
- Dører og overgangar er ikkje universelt utforma
- Alle overflater er slitt og treng vedlikehald
- Låg takhøgde i romma
- Straum og ventilasjon må utbetrast
- Bygget har naturleg 2 avdelingar med eigen inngang, men romstrukturen er ikkje tilpassa ei ATO-avdeling
- Bygget har 2 tilrettelagte bad
- Vaskar og toalett er i barnehage-storleik og kan ikkje nyttast til større barn eller barn med særskilte behov
- Det er eit kjøkken i bygget, noko slitt.
- Det er 2 større rom.
- Det er god parkering og tilgang frå nærområdet
- Bygget har eit kontor og eit lite møterom.
- Uteområdet er relativt flatt, med gjerde rundt. Området lett tilgjengeleg for alle brukarar. Leikeapparata er utslitne og passar ikkje til formålet.
- Bygget har kort avstand til Lye skule og vil vera ein naturleg del av skulen

- Det er kort avstand til idrettshall/gymsal.

Utfordringar og moglegheiter

Gjennom renovering og ombygging kan ein legge til rette for 15 elevar i bygget. Det er tilstrekkeleg areal på grunnplanet.

Det vil ikkje vera plass til dei tilsette sine pause- og arbeidsplassar i bygget om ein skal dekke behovet for elevplassar. Det er ikkje plass til kontorlokale for ei så stor personalgruppe på Lye skule. Det er mogleg å bygge på ein etasje som kan gi plass til personalavdelinga.

Alternativ 3: Nybygg

Det er ikkje ledig tomteareal ved nokre av skulane i Time kommune. Det gjer at ein ikkje kan bygge ei ATO-avdeling som eit nybygg ved eksisterande skular.

Om ein i framtida skal byggja ny skule på Bryne, vil det vera mogleg å planlegge for ei ATO-avdeling i same prosjektet. Ein kan ikkje oppretta slik avdeling utan tilknytning til skule ut frå gjeldande lovverk om barns rett til inkludering og tilhøyrse.

Kostnader for ulike løysingar

Det er utfordrande å berekne kostnader for dei ulike løysingane allereie no.

Norsk prisbok oppgir i gjennomsnitt pris for:

- Nybygg omlag 42 000,- kr pr m²
- Renovering omlag 16 000,- kr pr m²

For å få meir nøyaktige tal må ein til med ei større bygningsteknisk utgreiing og prosjektering, som i større grad tek omsyn til dei ulike aktuelle bygga.

Det blir òg understreka at kostnadsbilete for tida er svært usikker og det er vanskeleg å sjå korleis det vil utvikle seg framover. Dei anslaga som kjem under er difor høgst usikre og me tas med forbehold.

Ut frå erfaring er vurdering frå plan og utbygging og at det vil vera vanskelegare og meir kostnadskrevjande å renovere Undheim skule både på grunn av utforming av bygga og fordi ein må jobba på eit bygg som er i drift. Erfaringstal seier at renovering ofte blir dyrare enn først antatt.

Time kommune må òg ta høgde for at kostnad til prosjektering, arkitekt og utlysing anbod kjem i tillegg.

Det er ikkje tilgjengeleg informasjon som gjer at ein kan gjera eit overslag på kostnader til uteområdet. Utgifter til dette kjem difor i tillegg.

Overslag på kostnad for dei ulike alternativa skissert over, om ein berre tek omsyn til

retteleiarande satsar i prishefte:

Alternativ	Renovering	Nybygg	Totalkostnad
1A Undheim	745 m ² * 16 000 = 11 920 000 kr		11 920 000 kr
1B Undheim	835 m ² * 16 000 = 13 360 000 kr		13 360 000 kr + flytte av spesialrom
2 Paviljongen på Lye	499 m ² *16 000 = 7 984 000 kr	250 m ² * 42 000 = 10 500 000 kr	18 484 000 kr
3 Nybygg		700 m ² *42 000 = 29 400 000 kr	29 400 000 kr

Kostnader til drift

Om det vert etablert ei ATO-avdeling vil det medføre driftskostnader.

Ein må berekne utgifter til bemanning og sosiale kostnader, og leing og administrasjon.

I dag betalar Time kommune:

- Ca 3 200 000 til Klepp kommune for tilbodet ved Orstad Læringscenter
- Ca 2 000 000 kr til Hå kommune for tilbodet i ved Bø skule

I Time kommune er det sett av ressursar til ytterlegare 13 årsverk for styrking av skulane som i dag tar i vare elevar med store hjelpebehov. Om lag 9 av desse årsverka kan overførast til ei ATO-avdeling. Talet på årsverk som overførast er avhengig av kor mange elevar og tilsette det blir ved avdelinga. Det kan difor ikkje talfestast her. I tillegg kjem kostnader til SFO/TAT og skyss.

VURDERING

Det kjem sterke signal frå føresette, skulane, utdanningsforbundet og PPT om at det er behov for fleire plassar ved ATO-avdeling for elevar med vedvarande og store behov for tilrettelegging i opplæringa.

15 plassar vil dekkje behovet for elevgrunnlaget i Time kommune. Det skal framleis vera slik at inkludering og tilrettelegging i eit ordinært opplæringstilbod skal vera hovudregelen. Tilbodet ved ein ATO-avdeling skal baserast på eleven sitt behov. I nokre tilfelle vil det vera best for eleven å starte i eit tilpassa opplæringstilbod ved nærskulen, for så å gå over til eit tilbod ved ATO-avdelinga når eleven blir eldre.

Ved å oppretta ein ATO-avdeling vil ein etablere eit fagmiljø med høg spesialkompetanse. Denne kompetansen kan òg nyttas til å rettele og styrke skulane i sitt arbeid med spesialundervisning og tilrettelegging.

Om Time kommune skal oppretta eit eige tilbod om ATO, må ein planlegge for

langsiktig drift og for å etablere eit fagleg godt tilbod, samt utvikle eit godt fagmiljø. Eit arbeidsmiljø som er godt både fysisk og psykososialt er viktig for å rekruttere og behalde gode fagfolk. Ein bør difor legge vekt på å lage gode fasilitetar for ein god arbeidsplass. Det er òg naturleg at etablering av ein eigen ATO-avdeling i kommune inneheld tilbod om SFO og TAT for elevane som får sitt skuletilbod ved avdelinga.

Ein kan ikkje gjere ei nøyaktig vurdering av kostnader og moglegheiter utan ei bygningsmessig utgreiing og prosjektering. Tal og framstilling i denne saka er for å belyse dei moglegheitene som finst som grunnlag for å ta ei avgjerd om kva ein vil gå vidare med.

Dei ulike alternativa sett opp mot kvarandre:

Alternativ 1:

På Undheim har ein i dag gode areal i skulebygget som kan koma til nytte. Ei renovering og ombygging vil bidra til revitalisering og vedlikehald av eldre bygg. Det er omfattande å bygge om eldre murbygg og utgiftene er difor svært usikre. Erfaringstal seier at det sannsynlegvis vil bli dyrare enn anslått.

Undheim ligg i den sørlege delen av kommunen og avstanden til Bryne og Kverneland er lengre enn til Lye. Dette vil medføre lengre reiseveg for elevane og auka utgifter til skyss.

Ved å utvide skulen med ei avdeling vil skulen vil få tilført fleire elevar og tilsette og slik få eit større fagmiljø. Undheim vil få tilført fleire arbeidsplassar. Undheim skule har i dag 115 elevar og omlag 17 tilsette. Ein ATO-avdeling vil utgjera ein stor del av skulen og personalet.

Alternativ 2:

Paviljongen på Lye vil vera enkel å bygge om og kan ivareta dei behova til både elevar og tilsette. Plasseringa gir kortare avstand til Bryne og Kverneland, noko som gjev kortare reiseavstand og utgifter til skyss blir lågare enn ved alternativ 1. Ein byggeprosess vil i liten grad påverka drifta ved Lye skule. Lye skule har i dag 285 elevar og omlag 30 tilsette.

Bygget står ledig og ein vil raskt kunne koma i gang med arbeidet etter prosjektering og utlysing.

Alternativ 3:

Ved å bygge nytt vil ein kunne utforma bygget til behova heilt frå starten. Tidshorisonten på denne løysinga vil vera lenger enn i alternativ 1 og 2, sidan det pr i dag ikkje er avgjort eller planlagt for ny skule i inneverande planperiode for Skulebruksplan som går til 2028.

Alternativ 4:

Ei vidareføring og utviding av vertsskulesamarbeid med Klepp kommune.

Tidshorisonten på alternativet er usikkert i og med at ei utgreiing vil starte hausten 2022 og at ein så må ta stilling til kva ein vil gjere vidare. Det er heller ikkje avklart at

Time kommune vil få tilstrekkeleg tal på plassar ut frå dei behova i elevgruppa. Det er ikkje plass til å utvide kapasiteten ved Orstad skule slik den er i dag.

Ei etablering av eigen ATO-avdeling vil føre til kostnader på investering. På drift vurderast det at desse kostnadane i stor grad allereie er i eksisterande tilbod. Det vil gi lågare utgifter til andre kommunar og kostnader til bemanning kan førast over frå årsverk som no ligg ute på dei ulike skulane knytt til dei same elevane.

Gjennom å etablere eit eige tilbod kan ein nå fleire elevar og føresette som ønskjer eit slikt tilbod. Fagmiljøet vil òg vera til støtte for dei andre skulane i Time.

KONKLUSJON

Kommunedirektøren vurderer at ei etablering av eigen ATO-avdeling kan bli ei god og framtidsretta løysing.

Kommunedirektøren tilrår at det vert sett i gang arbeid for prosjektering og framlegging av sak om etablering av ei ATO-avdeling knytt til Lye skule, der dei ledige lokala i paviljongen blir nytta.

Kommunedirektøren i Time, den 06.05.2022

Trygve Apeland

Kjelder:

1. [2017-alternativ-opplaringsarena.pdf \(statsforvalteren.no\)](#)
2. [Bruk av alternative opplæringsarenaer i grunnskolen Udir–3 2010](#)
3. [Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa \(opplæringslova\) - Lovdata](#)
4. [Gjennomgripende Utviklingsforstyrrelser \(Autismespekterforstyrrelser\) \(legeforeningen.no\)](#)
5. <https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/utredning-og-diagnostisering-av-utviklingshemming/Rapport%20om%20utredning%20og%20diagnostisering%20av%20psykisk%20utviklingshemming.pdf/> /attachment/inline/f6c8ed73-c1d0-4819-9f83-b69bfbe17f38:bd58feb11efd678f91da43e173453bcef93ffb97/Rapport%20om%20utredning%20og%20diagnostisering%20av%20psykisk%20utviklingshemming.pdf

6. [Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v - Lovdata](#)
7. [§ 9. Utforming og innredning - Helsedirektoratet](#)
8. [Forskrift til opplæringslova - Kapittel 1B. Skolefritidsordninga - Lovdata](#)
9. [Arbeidsplassforskriften \(arbeidstilsynet.no\)](#)
10. [Arealkrav til kontorarbeidsplasser \(arbeidstilsynet.no\)](#)
11. [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. \(helse- og omsorgstjenesteloven\) - Lovdata](#)

Vedlegg:

Vertsskulesamarbeid om alternativ opplæringsarena - Klepp og Time kommune -
Oppmoding om uttale kring status i saka
Skyssreglement grunnskole
Undheim skule planteikning
Paviljongen Plan- tegning2018

Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur